

Vurdering av søknadar 2021, profane mellomalderbygg, post 73

Nr	Søkjar	Prosjektnamn	Søknadssum	Tilråding	Grunngjeving	Totale utgifter	Kort presentasjon av tiltaket/prosjektet
1	Jan Heggedal	Masstove på Indre Nore, Stadt	83 000	80 000	Det er aktiv mott/skadeinsekt i masstova. Det er difor viktig å tilbakeføre skorsteinen slik at det blir betre utlufting av tømmerkonstruksjonen. Det er også behov for å supplere taket med ny torv for å unngå at nevertaket kan ta til å leke.	83 000	Masstova vart sett i stand i år 2000. Det vart ikkje midlar til å byggje opp att skorsteinen den gang. Eigar ønskjer å rekonstruere skorsteinen i masstova og supplere nevertaket med meir torv, som har vore vaska vekk dei siste tjue åra.
2	Olav Magne Dyrdal	Eldhus på Bakka, Aurland	1 050 000	1 000 000	Dette er eit mellomalderhus som vart datert til 1270-talet hausten 2020. Bygningen er i svært dårleg stand. Tømmerhuset ligg lagra i ein hall hjå handverkarar. Det er viktig at prosjektet vert gjennomført i år. Tilskotet frå post 73 vert sett i samanheng og supplert med 250 000 i tilskot frå post 79, verdsarv – Vestnorsk fjordlandskap, Nærøyfjorden.	1 250 000	Tømmerkonstruksjonen er i svært dårleg stand og krev ein spesielt varsam istandsetting. Det må etablerast eit vernebygg som tek lastane slik at tømmerkonstruksjonen ikkje vert påverka av vår og vind.
3	Vestland fylkeskommune	Kurs i stikksperrhusbyggjing	150 000	0	Kurset vert ikkje prioritert då avgrensa midlar gjer at eigarane sine søknader må gå føre. Bygget vert likevel bygt, men då som eit vanleg oppdrag.	150 000	I samband med byggjing av eit vernebygg over eldhuset på Bakka søkte fylkeskommunen om kursmidlar frå Riksantikvaren, for å heve kompetansen til handverkarar knytt til regionen Indre Sogn.
4	Sunnhordland Museum	Ådlandsstova i Sunnhordalandstunet, Stord	626 000	180 000	Dei omsøkte tiltaka er vurdert. Vi prioritetar tilskot til dei viktigaste tiltaka: drenering og utbetringar av torvtaket,		Søknaden omhandlar mange ulike tiltak. Istandsetting av takkonstruksjon og tekking, samt innvendige arbeider med

					inklusive forsterking av sperre-endane, samt utbetring av kledning.	626 000	rekonstruksjon av golv, kroting, lage ny åre m.m.
5	Hardanger og Voss Museum	Lagmannsstova i Agatunet, Ullensvang	151 122	30 000	Dei omsøkte tiltaka omfattar fire ulike vindauge i Lagmannsstova. Tilskot til restaurering av trevindaugget i stova vert prioritert. Vår vurdering er at dei tre av tiltaka kan vente. Det er behov for meir dokumentasjon og drøftingar av blyglas- og klebersteinsvindauge.	151 122	Søknaden omhandlar restaurering av fire vindauge der to av desse er innramma av kleberstein. Eit blyglasvindauge skal kopibyggest og eit vindauge med trekarmar/rammer skal restaurerast.